

Sameiet Hallbjønn Apartement Stølsgrenda.

Protokoll frå sameigarmøtet – 29. mars 2008 kl. 13.00 – 15.30

Møtestad : Club Hallbjønn Telemark

Dagsorden:

1. Registrering av frammøtte og fullmakter.
2. Valg av møteleiar, referent og to møtedeltakarar til å signere protokollen.
3. Styrets årsberetning for 2007.
4. Årsregnskapet for 2007 og revisors melding.
5. Budsjett 2008.
6. Informasjon om nye eigarar av "Destinasjon Hallbjønn" og planar for vidare utbygging.

1) **Registrering av frammøtte og fullmakter. Godkjenning av innkallinga.**

Av i alt 516 andelsuker var 131 uker representert ved frammøtte eigarar og ved fullmakter – jfr. vedlegg til protokollen. Møteinnkallinga vart godkjent.

2) **Valg av møteleiar, referent og møtedeltakarar til å signere protokollen**

Til møteleiar vart vald Bjørn Erik Vesterås. Til referent vart vald Sigvart Asle Lie (som også er sameigets forretningsfører). Til å signere protokollen i tillegg til møteleiar og referent vart vald Trond Johansen og Ingvar Aker-Iversen.

3) **Styrets årsberetning.**

Styreformann Bjørn Erik Vesterås gjekk gjennom styrets årsberetning for 2007 punktvis. Dei forskjellige avsnitta vart kommentert og diverse spørsmål besvart av styrets formann og av forretningsfører. Årsmeldinga vart deretter samrøystes godkjent. Styret fekk takk for god innsats.

4) **Årsregnskapet for 2007.**

Årsregnskapet vart gjennomgått og kommentert av forretningsfører og revisors melding vart utdelt. Rekneskapen vart deretter godkjent utan merknader.

5) **Budsjett 2008.**

Forslaget til budsjett vart gjennomgått av forretningsfører. For å skille mellom innbetalingar og forbruk av midlar til høvesvis indre og ytre vedlikehald kom det forslag om å ha forskjellige konti i egenkapitalen som viser saldo på vedlikehaldsmidlane. Dette for å kunne gjere ein korrekt framtidig fordeling av innbetaling til vedlikehald frå andelseigde og heileigde leiligheter. Dette vart vedtatt.

Det vart kommentert at både forsikringspremien og dei kommunale avgiftene har auka svært mykje dei siste åra. Det vart spurt om søppelrenovasjonskostnadene var inkludert i serviceavgifta frå Club Hallbjønn i tillegg til at sameiet blir fakturert denne avgifta direkte frå kommunen saman med kloakk-avgifta. Vi reknar med at vi ikkje blir dobbeltbelasta, men Rune Semb tok på seg å undersøke dette nærmare.


Sameigarmøtet vedtok deretter budsjettet for 2008 slik det var framlagt. Samla utgjær fellesutgiftene for andelseigde leiligheter i år kr 1.688,- pr. eigaruke.

6) **Informasjon om nye eigarar av "Destinasjon Hallbjønn" og planar for vidare utbygging.**

Dagleg leiar Terje Wasbråten fortalde om dei nye eigarane sine planar for senteret. Det er planlagt å oppføre dei siste to bygga i Stølsgrenda (bygg C og D) og ytterlegare bygg av hytter og leiligheter er under planlegging. I alt er det planlagt oppført meir enn 100 bustadeiningar. I tillegg skal det byggast fleire parkeringsplassar, og fellesanlegga ballbanen, tennisbanen, skianlegga m.v. er planlagt opprusta og modernisert. Det vil bli gjeve meir informasjon seinare når planane blir konkretisert.

Dei nye eigarane og administrasjonen arbeider vidare i høve til RCI for å heve klassifiseringa. Sjølv om ein vesentleg del av driftsgrunnlaget på Hallbjønnsenteret er utleige av hytter og leiligheter er også RCI-gjestene viktige kundar.


Årsmøtet var godt nøgde med informasjonen og dei planane eigarane hadde for Hallbjønnsenteret.



Bjørn Erik Vesterås
Møteleiar



Trond Johansen



Ingvar Aker-Iversen



Sigvart Asle Lie, referent

Deltakarliste - vedlegg til protokoll frå ekstraordinært sameigarmøte på Club Hallbjønn Telemark 29. mars 2008

Andelseigarar representert på sameigarmøtet :

Frammøtte eigarar:

Ronny Henriksen	1 uke	
Ingvar Aker-Iversen	3 uker	
Trond Johansen	3 uker	
Steinar Swanstrøm	9 uker	
Sigvart Asle Lie	5 uker	
Rune Semb	43 uker	
Bjørn Erik Vesterås	44 uker	Sum 108 uker

Frammøtte v/fullmakt til :

Trond Johansen

Alf G. Navrud	1 uke	
Reinert Nielsen	<u>3 uker</u>	Sum 4 uker

Bjørn Erik Vesterås

Bjørn C. Tvedte	<u>3 uker</u>	Sum 3 uker
-----------------	---------------	------------

Sigvart Asle Lie

Norleiv Austerheim	6 uker	
Hans Fladsrud	3 uker	
Johannes Skeie	2 uker	
Christian Moulin	2 uker	
Per Wennesland	<u>3 uker</u>	Sum 16 uker

Sum frammøte : 131 uker